

Øvre Naustdal Utmarkslag ved  
Normund Svoen, Leiar  
[svoens@gmail.com](mailto:svoens@gmail.com)

14.07.12

Til  
Vernestyret for Naustdal Gjengedal Landskapsverneområde  
V/ Alf Erik Røyrvik  
E-post: [fmsfalr@fylkesmannen.no](mailto:fmsfalr@fylkesmannen.no)

**Søknad om midlar til bestandskartlegging og utgreiing ifht fiskestelltiltak i Vonavatnet. Søknaden gjeld støtte frå "Pott til frie midlar" for fiskekartleggingstiltak i landskapsvernområdet eller randsoner til dette.**

Viser til gjennomført møte vedr. fiskestelltiltak i Vonavatnet 20.06.12 der også Alf Erik Røyrvik var tilstades.

Vonavatnet ligg i eit mykje besøkt friluftsområdet i Inste Naustdal og er tangert av grensa til LV område. Vatnet og området rundt utgjer hovudinnfallsporten til LV området for Naustdal kommune.

Som det kom fram i møtet har det i ei årrekke vore gjennomført fiskestelltiltak i Vonavatnet hovudsakleg ved stor-rusefiske. Tiltaket har ikkje ført til auka kvalitet på fisken i vatnet som under rusefangstane både ved starten av tiltaket og tom sesongen 2011 låg på 55 g. Det kan virke som røyebestanden i perioden er redusert, men likevel har ikkje gjennomsnittstorleiken på fisken gått opp. Vatnet virkar klart overbefolka men det er usikkert kva tiltak som må til for å få ned bestanden og auke kvaliteten på fisken.

Styret i Utmarkslaget har i samråd med grunneigarane og årsmøtet vedteke at tiltaka ikkje skal fortsette før vi får ei kartlegging av fiskebestanden i vatnet og velbegrunna faglege råd kva tiltak som fagleg kan tilråast i dette vatnet.

I høve dette inviterte vi Harald Sægrov frå Rådgivande biologer <http://www.radgivende-biologer.no/> til eit møte med Utmarkslaget ved Instedalen skule 20.06.12. Sægrov har tidlegare gjort undersøkingar i Naustdalsvassdraget og er godt kjent med forholda her og ei rekke andre vassdrag i landet som han har undersøkt. Møtet konkluderte med at vi ville prøve å skaffe midlar til ei kartlegging av Vonavatnet og bad Sægrov komme med eit anbod på kva eit slikt arbeid ville koste.

Sægrov har komme med ei utgreiing om saka og ei pristilbod jfr. under:

" Vi kan gjennomføre eit standard prøvefiske med tilrådingar om utfisking for kr 60.000 eks. mva.. Dette føreset at vi får hjelp av ein person til setting og trekking av garn, og til skriving ved oppgjering av fisken. "

Øvre Naustdal Utmarkslag søker derfor om kr 85000,- for gjennomføring av dette tiltaket:

Honorar til Rådgivande biologer inkl mva:	kr. 75000,-
<u>Utgifter til assistent</u>	<u>kr. 10000,-</u>
<u>Totalt</u>	<u>kr. 85000,-</u>

Vi ynskjer primært å gjennomføre tiltak i 2012 og takkar for raskt svar.

Med helsing

Normund Svoen (sign)  
Øvre Naustdal Utmarkslag  
Leiar.

---

**Harald Sægrov** [harald.saegrov@radgivende-biologer.no](mailto:harald.saegrov@radgivende-biologer.no)  
til meg

25. juni

Som avtala har eg no laga eit oppsett med kostnadsoverslag for prøvefiske i Vonavatnet i 2012.

Vi kan gjennomføre eit standard prøvefiske med tilrådingar om utfisking for kr 60.000 eks. mva.. Dette føreset at vi får hjelp av ein person til setting og trekking av garn, og til skriving ved oppgjering av fisken.

Vi føretrekkjer å gjennomføre prøvafisket i løpet perioden frå midt i august til midt i september fordi det er i denne perioden vi får dei sikraste resultatata.

Det vil bli fiska med fleiromfars flytegarn på ein stasjon (i sjiktet frå 0 - 20 meters djup), og med fleiromfars botngarn på 6 stasjonar der det på minst to stasjonar vil bli sett garn i lenkje ned til 30 - 50 meters djup, avhengig av djupneprofilen.

Kvart flytegarn er 45 meter langt og 5 meter djupt og har dei 9 maskeviddene (mm): 8 - 10 - 12,5 - 16 - 19,5 - 24 - 29 - 35 og 43. Kvar maskevidde er representert med fem meters lengde på garnet og eit areal på 25 m<sup>2</sup>.

Kvart botngarn (30 x 1,5m) har 12 maskevidder; 5-6,5-8-10-12,5-16-19,5-24-29-35-43-55 mm, kvar maskevidde er representert med 2,5 meter garnlengde og med eit areal pr. maskevidde pr. garn på 3,75 m<sup>2</sup>.

All fisk blir lengdemålt og vegen, og kjønn og kjønnsmogning bestemt. Det blir teke otolitt- og skjelpøver for fastsetjing av alder og attenderekning av vekst.

Mageinnhaldet blir grovbestemt under oppgjering av fisken i felt, og det blir teke med samleprøver som blir analysert under lupe.

I samband med prøvafisket vil det bli samla inn prøvar av dyreplankton i området nær flytegarerna. Dyra blir fikserte på etanol, og sidan bestemt til art og talde.

Basert på fangst pr. innsats under prøvafisket vil det bli berekna antal fisk i kvar aldersgruppe av aure og røye i vatnet.

Det finst informasjon frå prøvafiske i innsjøar der antalet fisk er kjent ved at mesteparten av fisken seinare er blitt oppfiska, eller antalet er bestemt ved nyare akustisk utstyr (Sægrov 2000, Sægrov 2003, Knudsen og Sægrov 2002). Desse resultatata indikerer at eit flytegarn ved prøvafiske grovt sett avfiskar 1 hektar (10 000 m<sup>2</sup>) overflate i det sjiktet garnet står. Dette tilseier at fisk som held seg innan ein avstand på 100 meter frå garnet blir fanga.

Tilsvarande fangar eit botngarn grovt rekna all fisk som held seg innan ein avstand på fem meter på kvar side av garnet. Det må også takast med i berekninga at fisk mindre enn ca. 12 cm har lågare fangbarheit enn større fisk, og at ein del aure som er mindre enn 12 cm framleis kan halde seg i bekkar/elvar. Fisken er mest aktiv og har høgast fangbarheit i beiteperioden som strekkjer seg frå skyming til det blir lyst i sommarhalvåret.

Erfaring frå kontrollerte forsøk i fem innsjøar med ulik storleik og topografi indikerer ein feilmargen på ± 30 % på estimata (Rådgivende Biologer AS, upubl. data).

Med bakgrunn i dei samla resultatata frå prøvafisket og erfaring frå fleire utfiskingsprosjekt vil det bli utarbeidd eit framlegg til utfisking med definert målsetting, antal og storleik på fisken som bør fangast, fiskeinnsats fordelt på habitat (botngarn, flytegarn), maskevidder og berekna innsats.

Dette er eit bindande tilbod og eg vonar det er av interesse og i tråd med det som var forventa.

Med helsing  
Harald Sægrov

harald.saegrov@radgivende-biologer.no